

Fra: Anngunn Marie Gullbrå <anngunn.gullbra@alver.kommune.no>

Sendt: 12.09.2023 14:43:47

Til: Ketilmold@gmail.com

Emne: Bygg unntatt søknadsplikt gbnr 137/622- Sak 23/4481

Hei


Viser til byggesaka du har inne med påbygg av hagestove. Det står i saka at det er sendt melding til føring i kart/matrikkel.

I saka står det at tilbygg til 1.etasje (vedbod) og frittstående bod vert rekna som bygg unntatt søknadsplikt.

Eg finn ikkje at det er sendt inn noko skjema for desse- Bygg unntatt søknadplikt.

Vedboden vert vanskeleg å registrera som tilbygg på huset, då den ikkje heng saman med sjølve huset. (Dvs reint kartteknisk er den ikkje samanhengande med takflata på huset, men vert ei utviding av terrassen. Då dette er ei open, enkel vedbod under terrasse, vert det ikkje målbart BRA her og denne vert nok berre teikna i kartet - som terrasse.

Den frittstående boda vert registrert som eige bygg. Her treng eg informasjon om når den stod ferdig og opplysningar om BYA, BRA og BTA for denne. Sjå forklaringa i skjema for utrekning av dei ulike måla. Dersom du også oppgjev yttermåla på boda, vert denne teikna mest mogleg rett i kartet.



Vedlagt skjema til bruk for denne uteboda.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

